

**Fra:** Olav-Kåre <olav-kaare.tykhelle@online.no>  
**Sendt:** mandag 15. mars 2021 20:16  
**Til:** Malin Knudsen  
**Kopi:** Sara Sekkingstad; Astrid Aarhus Byrknes; Postmottak Alver  
**Emne:** [BULK] Ny FV57 - PlanID 1263-201407

Hei.

Viser til telefonsamtale torsdag 11.03.21 der eg etterspurde Utval for areal, plan og miljø sin behandling av sak om ny sykkelveg langs FV57. Du skulle undersøkje saka og koma attende til meg, men eg har enda ikkje høyrte noko. Difor etterspør eg svar på mail, og vonar at anten du eller nokon på kopi tek fatt i dette.

Ser i planvedlegg at utvalet har hatt planen til behandling, men finn ikkje att noko som tilseier at mitt innspel til kommunen er tatt opp. Det er heller ingen derifrå som har teke kontakt eller vore med på befarung.

Eg har vanskeleg for å forstå at framtidig tilkomst til eigedomen og den planlagte sykkel- og gangstien på austsida blir bortimot umuleggjort utan å risikera liv og helse. Som det har vist seg den siste tida er strekninga livsfarleg.

Vil minne om at eigedomen i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031, er avsett til LNF-føremål.

Vonar på raskt svar denne gongen.

Helsing  
Olav-Kåre Tykhelle

----- Videresendt Melding -----

Fra: "Olav-Kåre" <[olav-kaare.tykhelle@online.no](mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no)>  
Til: "Malin Knudsen" <[malin.h.knudsen@gmail.com](mailto:malin.h.knudsen@gmail.com)>  
Sendt: 20.01.2020 10.11.26  
Emne: Sv: Re: Ny FV57 - PlanID 1263-201407

Hei.

Eg har sendt saka til generelt postmottak i kommunen, dersom det er det du etterspør.

Ellers så er det viktig at folkevalde involverer seg i kva statens vegvesen driv med. Dei prosjekterer veg frå A til B etter normer, og bryr seg nødvendigvis ikkje om at det bur folk langs vegen som får øydelagt både eigedommar og tilkomst til eigedommer i all tid framover.

Mvh  
Olav-Kåre Tykhelle

----- Original Melding -----

Fra: "Malin Knudsen" <[malin.h.knudsen@gmail.com](mailto:malin.h.knudsen@gmail.com)>

Til: "Olav-Kåre" <[olav-kaare.tykhelle@online.no](mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no)>

Sendt: 17.01.2020 18.03.47

Emne: Re: Ny FV57 - PlanID 1263-201407

Hei Olav-Kåre. Tusentakk for mail. Har du sendt dette som et innspill til kommunen også? Jeg tar det med i det politiske arbeidet.

Malin Andvik

14. jan. 2020 kl. 11:43 skrev Olav-Kåre <[olav-kaare.tykhelle@online.no](mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no)>:

Hei.

I forbindelse med etablering av gang- og sykkelveg samt samanslåing av utkjørsler på strekning Lindås - Mongstad har eg gjeve kommentarar til Statens vegvesen - sjå vedlegg.

Etter nylig befaring med Statens vegvesen (Frode Moen Aarland) og representant frå kommunen(Hans Kristian Dolmen) blei eg oppfordra til å bringa mitt syn inn til plan-og miljøutvalget som eit innspel før planen kjem til behandling.

Eg er eigar av bruk 118/1 på Tykhelle som er ein av tre eigedommar som har bruksareal på begge sider av FV57.

Eg har både før planarbeidet starta, og etter første høringsrunde gjort det klart at det må etablerast planfri kryssing av FV57. Me som bur på gardsbruka har stadig behov for kryssing av hovudvegen med saktegående reiskap. I tillegg er gang- og sykkelvegen lagt på austsida, slik at hovudvegen også må kryssast om denne skal nyttast.

Trafikken aukar for kvart år og det er berre flaks at ikkje alvorlege ulykker har skjedd fram til no.

Når ein no skal gjera noko med vegen må ein ta vår situasjon på alvor og ikkje basera framtidige vegkryssingar både av folk og maskiner på flaks, det har ein ikkje lov til.

Det er lagt ein ROS-analyse ved prosjektet, og kryssingar her er ikkje eingong nevnt. Det seier meg at denne ROS-analyse ikkje kan takast seriøst og i beste fall er den misvisande.

Plannemda er velkommen til å sjå på forholda før saka skal behandlast.

Ønskes det fleire opplysningar eller er noko uklart, ta kontakt med underteika - gjerne på telefon 90 50 11 68.

Mvh  
Olav-Kåre Tykhelle

<Saksnummer 2014\_7379.eml>